



Dei yngste dansarane (1.-3-klasse) i aksjon i Helgheim fredag kveld. Frå venstre: Kjartan Tungesvik, Jakob Taranger, Markus Dagestad, Bente Halvorsen, Maren Fjellandsbø (Foto: Ola Matti Mathisen)

**"Dans på lokalet" er slett ikkje noko forelda begrep, det har berre fått nye former. Uskedal Ungdomslag fører det vidare mellom anna gjennom barnediskotek ein gong i månaden. Fredag kveld var det jamvel instruksjon i linedans, for første gong.**



Mona Rasmussen og Anne Kari Andersen instruerer i linedans i Helgheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Barnediskotek på Helgheim er heller slett ikkje noko nytt, det knytter seg inn i ein lang tradisjon som Olaug Aasen starta allereie på 1980-talet. Ho gjorde ein kjempeinnsats til ho takka av i fjor, fortel styremedlem Magni Traavik Sture, som sit i døra og 'stemplar inn' dei unge.

Denne kvelden kjem det rundt 20 frå fjerde til sjuande klasse og dei får den aller første opplæringa i linedans av Mona Rasmussen og Anne Kari Andersen. Dei to inngår i Just4fun Linedancers, som har medlemmer frå heile Kvinnherad. Mona og Anne Kari har vore på helgekurs i Bergen og har dansa saman med andre frå klubben ved ymse høve, men dette er den første instruksjonstimen deira. Difor er dei like spente som elevane!

Vanlegvis kjem det rundt 30 av dei frå desse klassestega på barnediskoteket og frammøtet har vore stabilt i den seinare tid.

Meir varierende har frammøtet vore i gruppa for dei frå første til tredje klasse, men så er da også dette ei ny gruppe, som har halvannen time til rådighet før dei eldre slepp til.

Det var Tone Bakke som tok initiativet til den i januar med Thomas Eide, Marit Stensletten, Karianne Yri og Magnhild Haugland er entusiastiske støttespelarar.

- Det var nokre danselystne jenter som inspirerte meg, fortel Tone, som er særst nøgd med responsen. Det halvannen time lange programmet blir 'løyst opp' med leik og dansekurransar og denne fredagskvelden er det Anine Enes og Kjartan Tungesvik som dansar best av dei yngste.

Musikken er det Ingeborg Lunde, Christina Flåten og Julie Myklebust som sørgar for – både for både den yngre og den eldre gruppa.

Naturleg nok er dei eldre mest bevisste på kva som skal spelast.

Av Ola Matti Mathisen



Linedans er ikkje berre lett, men dei unge lærer fort. Her tar dei dei første trinna. (Foto: Ola Matti Mathisen)